



47 møtte fram til 100-årsmarkering på Holmen.

I dag ville Sylvia Myklebust på Flatholm i Uskedalen fylt 100 år om ho hadde levd. Det vert skikkeleg markert av halvparten av etterkommarane gjennom eit slektsstevne.

Men det er skjedd noko ekstra: som set spiss på stemnet: På Stord har ei ny Sylvia i dag sett dagens lys. i dette tilfellet var det lett å finna på eit namn!

Leiar i festkomiteen Astrid Holt, som bur i Sandefjord, fortel at slekta med jamne mellomrom opp gjennom åra har lagt stor vekt på å markera runde dagar for Syvia og mannen Erling. Begge gjekk bort i 2003 - ho vart 91 og han 95 år gamal. Dei budde i Gamlehuset på Flatholm.

Alt i alt har dei no 98 etterkommarar og 47 av dei er med på markeringa, som har eit imponerande program. Dei mest langvegsfarande kjem frå Los Angeles og det er ellers stemnedeltakarar frå store delar av Noreg. Det har i dag naturleg nok vore særleg merksemd rundt Eilif junior og Elin som fekk born nummer 3 akkurat på denne dagen. Dei bur på Valen, men fødselen fann stad på sjukehuset på Stord.

Programmet vart gjennomført utoimhus og ein hovudpost var ved Astrid Holt, som hadde eit historisk oversyn på rim. Besøk med bekransning på kyrkjegarden var ein annan post og planting av ein rhododendron på Holmen ein tredje. Der var det også servering og det blir bålbrekking i kveld. Dei små har leika seg og også dei har hatt ein fin dag.

Men korleis hugsar så holmafolket den dei markerer 100-årsdagen til så grundig? Dotter Astrid seier det slik:
- Ho var klok og flott og sterkt engasjert i lokalsamfunnet, mellom anna i husmorlaget og som medlem i kommunestyret for Kristeleg Folkeparti. Men ho var liberal, ho lærte meg å dansa og eg var med henne på kino. Til jul og påske og andre høgdepunkt i året samla ho gjerne slekta på Holmen.

Jau, Sylvia minnast vi med glede og respekt.

Telst og foto: Ola Matti Mathisen